

**Sak 29/21 SØKNAD PÅ HOVUDPROSJEKT «GRØN VEKST HALLINGDAL»****Bakgrunn:**

I Regionrådsmøte 18. des. 2020, sak 64/20 vart forprosjektet «Grøn vekst Hallingdal» avslutta. Prosjektleder Kristian Aakervold presenterte målsetting, kva prosjektet har jobba med og korleis ein ønskjer å gå vidare i eit hovudprosjekt.

Regionrådet fatta slikt vedtak:

- Regionrådet vedtek at prosjektgruppa i «Grønn Vekst» jobbar vidare med finansiering av eit 3 årig hovudprosjekt og held fram med sitt arbeid til ny søknadsordning er klar i 2021.
- Saka kjem som sak til regionrådet når den er klar for det.

No søker «Grøn Vekst Hallingdal» Viken Fylkeskommune om midlar til eit 3-årig hovudprosjekt. Hovudmålet med prosjektet er å etablere Hallingdal som en "grøn region" ved å tilegne oss kunnskap som skal gje grunnlag for vidare satsing på berekraftige løysningar og produkt for næringsliv, reiseliv og innbyggjarar i Hallingdal. I tillegg har prosjektet eit mål om etablering av nye berekraftige arbeidsplassar.

Prosjektet har ei budsjettamme på 3,25 mill

**Vurdering:**

Prosjektet handlar mellom anna om klimatiltak, energibruk, arbeidsplassar, ressursutnytting og tek såleis opp i seg mange av Regionrådet sine innspel til partnerskapsavtale med Viken og mange av dei signala som har kome i prosessen med strategisk plan. I tillegg vil prosjektet bidra til å nå mange av FN berekraftsmål. Det blir derfor vurdert som eit viktig og godt prosjekt for Hallingdal.

Finansieringa er lagt opp slik:

Viken fylkekommune	kr 1 625 000 (sjå vedlagte søknad)
Eigeninnsats	kr 600 000
Eigenandel	kr 1 050 000
Totalt	kr 3 250 000

Det er førebels uklart korleis ein kan dekke eigenandelen. Det blir framlagt eit forslag i møtet, då det fortsatt står att nokre avklaringar med næringslivet.

**Forslag til vedtak:**

1. Regionrådet støttar søknaden om 3-årig hovudprosjekt «Grøn Vekst Hallingdal»
2. Eigenandelen blir dekket på denne måten: .....
3. Om søknaden ikkje blir innvilga, må styringsgruppa fatte vedtak om vegen vidare.

Hallingdal, 6.april 2021

Jan Olav Helling  
Dagleg leiar

Vedlegg: Søknad hovudprosjekt